



# Forskrift om vass- og avløpsgebyr

FJELL KOMMUNE

Forskrifta er vedteken av kommunestyret i Fjell kommune 15. juni 2017 med heimel i lov av 16. mars 2012 nr. 12 om kommunale vass- og avløpsanlegg og forskrift av 1. juni 2004 nr. 931 om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften) § 16-1 annet ledd.

## 1. GENERELLE FØRESEGNER

Fjell kommunes abonnentar betaler gebyr for vass- og avløpsstenester levert av kommunen. Det kommunale selskapet FjellVAR AS er leverandør av vass- og avløpsstenestene.

Tilhøvet mellom abonnenten og kommunen er regulert av statlege lover og forskrifter samt av kommunale forskrifter, regulativ og abonnementsvilkår.

Sentrale føresegner når det gjeld vass- og avløpsgebyr, er følgjande:

- Lov av 16. mars 2012 nr. 12 om kommunale vass- og avløpsanlegg
- Forskrift av 1. juni 2004 nr. 931 om begrensning av forurensning, kapittel 16 om kommunale vass- og avløpsgebyr
- Forskrift om vass- og avløpsgebyr i Fjell kommune (dette dokumentet)
- Lov av 27. juni 2008 nr. 71 om planlegging og byggesaksbehandling

### § 1-1 Føremål og omfang

Forskrifta gjeld alle abonnentar i Fjell kommune, og fastset grunnlaget for gebyra abonnentane skal betala for dei vass- og avløpsstenestene kommunen leverer. Plikta til å betala gebyr for vass- og avløpsstenester gjeld alle eigedomar som er knytt til kommunal vass- og/eller avløpsledning, eller mottar andre vass og/eller avløpsstenester frå Fjell kommune.

Plikta gjeld og for eigedomar der det er gitt pålegg om tilknytning med heimel i plan- og bygningslova § 27-1 og § 27-2, frå og med utløpet av den frist som er satt i pålegget.

### § 1-2 Definisjonar

- a) Sanitærinstallasjonar/innvendige vass- og avløpsinstallasjonar: Rør, installasjonar og utstyr eigd av abonnenten, innanfor husets yttervegg, knytt til vass- og/eller avløpsanlegg.
- b) Privat stikkledning: Private ledningar (stikkledningar) og utstyr mellom huset sine yttervegg og offentleg vass- og/eller avløpsledning inklusiv anboringsklave jf pkt. 2.1 i sanitærreglement for FjellVAR AS.
- c) Abonnent: Eigar av eigedom som er registrert i matrikkelen med eige gards- og bruksnummer, festenummer eller seksjonsnummer under felles gards- og bruksnummer, som er knytt til kommunens vassforsynings- og/eller avløpsanlegg direkte eller gjennom felles privat stikkledning.

Eigar/festar av eigedom som er kravd kopla til offentleg vass- og/eller avløpsledning i medhald av plan- og bygningslova.

Når ikkje anna er avtala, skal avgift for bortfesta grunn svarast av festaren og ikkje av eigaren, i fall festaren har arvefeste eller festerett for så lang tid at det er att minst 30 år av festetida rekna frå den tid avgiftsskyldnaden kom opp. Det same gjeld når avtala gjev festaren rett til å krevja festetida lengd så mykje at det vert att ei festetid på minst 30 år som nemnt, om festaren gjer bruk av retten sin. Dersom det ligg føre avtale mellom grunneigar og festar, kan festar vere abonnent for kortare festetilhøve enn 30 år. Ein grunneigar kan vere abonnent for festetilhøve ut over 30 år dersom det ligg føre avtale om dette.

- d) Abonnement: Avtale mellom abonnent og kommunen om vassforsynings- og/eller avløpsstenester gjennom tilknytning av sanitærinstallasjonar, private stikkledningar og private vass- og avløpsanlegg til kommunen sitt vass- og avløpsanlegg. Avtale om tilkopling via privat fellesledning reknast som abonnement.
- e) Bygg: Konstruksjon/byggverk med eige bygningsnummer.

- f) Brukseining: Rom eller ein samling rom og opne delar som saman vert nytta til eit bestemt føremål av ein brukar, som kan vere eigar, leigar eller annan bruksrettshavar. Ei brukseining kan vere ein bygning eller ein del av ein bygning.
- g) Bustad: Brukseining med eitt eller fleire rom, bygd eller ombygd som heilårs privatbustad for ein eller fleire personar, med separat inngang, eige kjøkken og tilgang til toalett. Leilegheiter vert rekna som bustad.
- h) Utleigeleilighet: Bustad med eigen inngang og minst eitt rom og kjøken, i ein bustad eller tilhøyrande garasje, stabbur eller anneks, som vert leigd ut.
- i) Fritidsbustad: Bygning som er registrert som fritidsbustad i Matrikkelen (bygningstype 161-163).
- j) Bruksareal (BRA): Bruksareal registrert i matrikkelen med utgangspunkt i NS 3940.
- k) Avløpsvatn: Både sanitært og industrielt avløpsvatn og overvatn.
- l) Stipulert forbruk: Forventa forbruk hos ein abonnent, fastsett på basis av bruksareal (BRA)
- m) Tilknytingsgebyr: Eingangsgebyr som vert betalt ved tilknytning til offentleg vass- og avløpsleidning.
- n) Årsgebyr: Gebyr som vert betalt årleg av abonnentar for å ha tilgang til kommunen sine vass- og avløpsstenester. Årsgebyret er delt i ein forbruksdel og ein fastdel.
- o) Sjølvkost: Den meirkostnad kommunen har ved å produsere ein bestemt vare eller teneste. Meirkostnader er kostnader knytt til den samla produksjonen av den aktuelle vara eller tenesta og er kostnader som ikkje ville ha kome til om tenesta ikkje vart produsert.
- h) Gebyr for dekking av meirkostnader i samband med ulovleg tilknytning eller manglande oppfylling av pålegg om utbetring av private stikkleidningar

Kostnader knytt til vass- og avløpsstenestene skal dekkjast inn gjennom gebyra etter sjølvkostprinsippet.

Gebyrsatsane vert vedtekne av kommunestyret i eige regulativ og er gjeldande frå det tidspunkt kommunestyret bestemte.

Kommunestyret kan innføra eigne gebyrsoner for vatn og avløp.

### § 1-4 Arealutrekning

Dersom gebyret heng saman med bygget eller brukseininga sin størrelse, skal arealet målast etter NS 3940 – bruksareal. Arealutrekninga er eit utgangspunkt for utrekning av vass- og avløpsgebyra, med justeringar som eventuelt går fram av forskriften §2 og § 3.

For eksisterande bygg, brukseiningar eller bustader kan andre registrerte arealdata nyttast fram til bruksareal etter NS 3940 føreligg. Dersom eigar av fast eigedom eller Fjell kommune krev at arealet skal oppmålast etter NS 3940 - bruksareal skal kostnadane med ny oppmåling dekkjast av den som krev oppmålinga.

### § 1-5 Klage og omgjering

Det er ikkje høve til å klaga på gebyr som er fastsett etter kommunens sitt gebyrregulativ, jf. Forvaltningslova sine føresegner. Dersom gebyrvedtaket konkret framstår som sterkt urimeleg kan gebyrregulativet fravikes i det enkelte tilfelle.

Enkeltvedtak gjort i medhald av forskrifta, kan påklagast til Fjell kommune. Fjell kommune som underinstans skal handsama klagen. Dersom klagen ikkje vert teken til følgje vert klagen oversendt til den som skal førebu saka for vidare handsaming i kommunestyret, eller i ei særskilt klagenemnd som av kommunestyret har gitt mynde som klageinstans.

Gebyr skal som hovudregel betalast fullt ut, sjølv om utrekninga er påklaga. Dette gjeld vedtak etter 2. ledd. Kommunen kan, etter skriftleg søknad, godkjenne utsett betalingsfrist.

## 2. EINGANGSGEBYR FOR TILKNYTING

### § 2-1 Gebyrplikt

Nye bygg og bustader innanfor forsyningsområdet til offentleg vassverk skal knytast til offentleg vassforsyning jf plan- og bygningsloven § 27-1.

Eksisterande bygg og bustader innanfor forsyningsområdet til offentleg vassverk skal knytast til offentlig vassforsyning. Gebyrplikta gjeld frå 6 månader frå tids-

### § 1-3 Gebyrtypar

Gebyrtypane er:

- a) Eingangsgebyr for tilknytning for vatn og avløp
- b) Årsgebyr for vatn og avløp
- c) Oppmøtegebyr for avlesing av vassmålar
- d) Gebyr for kontroll av vassmålar
- e) Gebyr for plombering, stenging og opning av vassforsyning
- f) Gebyr for mellombels tilknytning, jf. § 2-1
- g) Leige av vassmålar

punkt for gitt igangsettingstillatelse, og senest ved fysisk tilknytning til kommunens ledningsnett, eller frå fastsatt tidsfrist gitt i pålegg om tilknytning.

Same reglar gjeld for tilknytning til offentleg avløp.

Vil tilknytning etter kommunen sitt skjøn føre med seg stor kostnad, eller særlege omsyn tilseier det, kan kommunen, etter søknad, godkjenne ei anna ordning.

Eingangsgebyr for tilknytning skal betalast i følgjande høve der bebyggelsen er eller skal tilknyttas kommunens ledningsnett av abonnenten, eller dennes representant, der det er inngått uttrykkelig avtale om dette.

- a) Nybygg. Ved riving av eksisterande bygg og oppføring av nytt bygg med same formål vert det gjeve frådrag for areal som tidlegare er lovleg tilknytt offentleg vass- og/eller avløpsanlegg etter gjeldande satsar. Ved endring av bygget sitt formål vert opphavleg formål lagt til grunn for frådrag for areal som tidlegare er lovleg tilknytt offentleg vass- og/eller avløpsanlegg.
- b) Eksisterande bygg som vert tilkopla eller som kommunen krev tilkopla
- c) Eksisterande bygg med tilkopling som ikkje er godkjent når det oppdages at slike bygg er tilknyttet kommunens ledningsnett.
- d) Anna permanent tilknytning til kommunalt vass- og/eller avløpsanlegg, f.eks. vatningsanlegg for landbruk, idrettsanlegg, gartneri mv.
- e) I tillegg til dei tilfella som går fram av bokstav a-d ovanfor, skal det betalast eingangsgebyr for tilknytning dersom areal på eksisterende bygningsmasse i form av tilbygg eller påbygg økes med meir enn 50 kvadratmeter. Dersom arealet overstiger 50 kvadratmeter skal det betales for hele arealøkningen. Dette gjelder også der arealøkningen skjer gradvis, fordelt på fleire utbyggingsetapper.

Faktura kan sendes utbygger av et bustad/næringsprosjekt i forbindelse med at igangsettingstillatelse til tiltaket gis. Eier av den enkelte eigedom er i alle tilfeller ansvarlig for at tilknytningsgebyret blir betalt til FjellVAR.

Eingangsgebyr for tilknytning skal ikkje betalast i følgjande tilfeller:

- a) Bygg med mellombels tilkopling inntil 2 år, f.eks. brakkerigg.  
  
Dersom tilknytninga strekkjer seg ut over 2 år, skal det betalast vanleg tilknytningsgebyr. Alle kostnader for tilknytning og fråkopling skal betalast av abonnenten.

- b) Særskilt tilkopling av sprinkleranlegg på eigedom der det er betalt for tilknytning av ordinært vatn og avløp.

## § 2-2 Utforming av gebyret

- a) For nybygg som skal nyttast til bustad vert eingangsgebyret for tilknytning for vatn og avløp fastsett pr. m<sup>2</sup> bruksareal (BRA) med grunnlag i NS 3940 for heile bygget under eitt. For nybygg med areal <math>\leq 75</math> kvadratmeter er eingangsgebyret for tilknytning for vatn og avløp eit fast grunnbeløp.
- b) For nybygg som inneheld både bustad og næring, skal det for bustaddelen betalast eingangsgebyr for tilknytning for vatn og avløp jf a) etter gjeldande gebyrregulativ. For næringsdelen skal det betalast ein fast sum jf gjeldande gebyrregulativ.
- c) For nybygg som skal nyttast til næringsformål skal det betalast ein fast sum pr. kvadratmeter BRA iht. gjeldande gebyrregulativ. Bruksarealet beregnes iht. NS 3940, med det unntak at det for bygninger med etasjehøyder over 3 meter ikkje beregnes bruksareal som om det var lagt et horisontalplan for hver tredje meter.
- d) For eksisterende bygg skal det betalast tilknytningsgebyr for arealøkning som angitt ovenfor under pkt. 2.1 bokstav e. Dersom eksisterende næringsbygg på et senere tidspunkt legger inn horisontalplan som omhandlet under bokstav c, kan det kreves tilknytningsgebyr for den arealøkningen dette medfører i bygget.

## § 2-3 Gebyrsats

Gebyret for nybygg eller påbygg/tilbygg til eksisterende bygg vert fastsett etter gjeldande satser på det tidspunkt igangsettingstillatelse til tiltaket gis. Ved tilknytning av eksisterende bygg fastsettes gebyret på det tidspunkt tillatelse til slik tilkobling blir gitt av kommunen, og senest ved fysisk tilknytning til kommunen sitt nett, eller frå fastsatt frist, der det er gitt pålegg om slik tilkobling med hjemmel i plan- og bygningsloven.

Dersom søknad om sanitærabonnement i forbindelse med tilknytning av nybygg eller et eksisterende bygg ikkje har blitt godkjent av kommunen før tilknytning til kommunens ledningsnett har funnet sted, er tidspunktet for innvilgelse av søknad om sanitærabonnement avgjørende for beregningen av gebyrets størrelse.

For nye og eksisterande bygg med en tilknytning som ikkje er godkjent, vert tilknytnings-tidspunktet så langt det let seg gjere forsøkt kartlagt og dokumentert. Tilknytningsgebyret er den til ei kvar tid gjeldande sum for tilknytning. Abonnenten plikter å betale for den tid eiendommen har vært tilknyttet kommunens ledningsnett, så langt kravet ikkje er foreldet.

## § 2-4 Ansvar og betalingsfrist

Abonnenten har ansvar for å søkje om tilknytingsrett til offentlig vass- og avløpsnett. Eingangsgebyret for tilknytning skal være betalt i henhold til angitt forfalls- tidspunkt på mottatt faktura, og dersom slikt tidspunkt ikkje er angitt, senest før tilknytninga finn stad.

## § 3 ÅRSGEBYR

### § 3-1 Gebyrplikt og iverksetjing

Alle eigedomar/bygg som er:

- a) knytt til kommunens vass- og/eller avløpsanlegg eller,
- b) pålagt tilknytning i medhald av plan- og bygningsloven § 27-1 for vatn og § 27-2 for avløp, og fristen for tilknytning er gått ut

skal betala årsgebyr.

### § 3-2 Utforming av gebyra

Det vert nytta ein todelt gebyrmodell for utrekning av årsgebyr for vassforsyning og avløp med:

- Ein fast del (fastledd)
- Ein mengdevariabel del (forbruksledd)

Fastleddet vert rekna ut etter eigedommen/bygget sitt registrerte bruksareal i høve NS 3940. Dette gjelder uavhengig av om eigedommen/bygget vert nytta til fritidsbolig, helårsbolig og/eller næringsvirksomhet. For næringsbygg med etasjehøgder over 3 meter vert ikkje bruksareal rekna ut som om det var lagt horisontalplan for kvar tredje meter.

Den til enhver tid gjeldende sats for fastleddet fremgår av gebyrregulativet.

Forbruksleddet betales etter forbruk (målt eller stipulert) i samsvar med forskriftens §§ 3-7 og 3-8.

Kor stor del av årsgebyret som skal vere fast og variabel, følgjer av det til ei kvar tid gjeldande gebyrregulativ.

Gebyrsatsane vert fastsett årleg av kommunestyret. Gebyr for avløp vert fastsett etter prinsippet om at vassforbruket inn er lik avløpsmengda ut.

### § 3-3 Eigedom utan godkjent tilkopling eller fråkopling

Dersom tilkopling ikkje er godkjent av kommunen, skal abonnenten likevel betale gebyr frå og med det tidspunkt tilkoplinga er utført. Tilknytningstidspunktet skal så langt det let seg gjere vere kartlagt og dokumentert.

Slik berekning inneber ikkje at kommunen har godkjent tilkoplinga. Tilkoplinga vert først godkjent når skriftleg søknad om sanitærabonnement vert godkjent av kommunen.

Er fråkopling ikkje godkjent av kommunen, skal abonnenten betale gebyr inntil fråkoplinga er godkjent.

### § 3-4 Ansvar for gebyra

Abonnenten har ansvar for betaling av gebyr. Det er den til ein kvar tid gjeldande eigar av eigedomen som er ansvarleg for avgifta.

Kommunen kan, etter skriftleg søknad, gje løyve til samarbeid om felles vassmålar.

Dette gjeld ikkje for rekkjehus, einebustader, naust og hytter med eige gårds- og bruksnummer.

Dersom fleire eiere av eierseksjoner, eller eiere i et sameie samarbeider om felles vassmålar, skal det vere teikna abonnement for kvar abonnent.

Målt forbruk vert fordelt mellom kvar av abonnentane i henhold til abonnentens eierbrøk. Fordelinga av gebyret mellom abonnentane skal gå fram av søknaden om samarbeid om felles vassmålar, der det også skal opplyses om abonnentenes sameiebrøk i bygget/byggene.

Hver abonnent skal også i slike tilfelle betale et fastledd i henhold til eierbrøk i byggets totale areal.

Gjeld slikt samarbeid eit burettslag er abonnenten (burettslaget) ansvarleg for gebyret.

### § 3-5 Ansvar for opplysningar om abonnent og abonnement

Abonnenten har ansvar for at kommunen har korrekt informasjon om abonnementsforholdet for fastsetjing av korrekt gebyr. Endringar som ikkje har vorte meldt og har verknad for gebyret kan krediterast/etterfakturerast i samsvar med reglane om forelding.

Inntil melding om endring er registrert skal abonnenten betale årsgebyr som tidligere.

### § 3-6 Fastsetting av gebyr

Same forbruk i m<sup>3</sup> vert lagt til grunn for utrekning av både vassgebyr og avløpsgebyr. Vassforbruk til sprinklaranlegg er ikkje gebyrpliktig.

Fråflytting eller fråvær gjer ikkje grunnlag for frådrag i gebyr.

Dersom ein eigedom vert fråkopla det offentlege vass- og/eller avløpsnettet ved at stikkledning vert plugga ved hovudleidningen, kan abonnenten søkje om fritak for årsgebyr. Dersom søknaden vert innvilga vil kommunen krevje betaling for fråkopling/tilkopling.

Er bygg på eigedommen fjerna, eller øydelagt slik at det ikkje kan nyttast, skal fastledd verte betalt inntil stikkledning er fråkopla (plugga) ved hovudleidningen. Størrelsen på gebyret går fram av gebyrregulativet.

Dersom avløpsmengda ein abonnent har, er vesentleg større eller mindre enn det målte vassforbruket, kan årsgebyret (forbruksgebyret) for avløp bli rekna ut på grunnlag av stipulert avløpsmengde, eventuelt kan avløpsmengda verte målt særskilt.

For næringsverksemd der forbruket av vatn til produksjon medfører at mengda avløpsvatn avvik vesentleg frå målt vassbruk, kan kommunen basere avløpsgebyret på eigen måling av tilført avløpsvatn til kommunalt nett, eller etter særskilt avtale.

For avløpsvatn som avvik frå vanleg hushaldsavløp kan kommunen fastsetje eit tillegg til avløpsgebyret til dekning av meirkostnadene. I slike tilfelle vert det inngått ein eigen avtale mellom kommunen og abonnenten.

For avløpsvatn frå produksjonsprosess e.l. som etter eige løyve frå kommunen er tillate ført i grunnen, i privat leidning direkte til vassdrag eller sjøen, eller i separat kommunal overvassleidning, betalast ikkje avløpsgebyr. Slikt vatn skal målast separat.

### § 3-7 Betaling etter målt forbruk

Bygg for næringsformål, offentlege formål, næringsdel eller del sett av til andre formål i blandingsbygg og forsamlingshus skal betala gebyr etter målt forbruk.

Alle nybygg der rammeløyve er gitt innan 1. januar 2017 kan sjølv velje om forbruksdelen av gebyret skal avreknast etter målt forbruk eller være basert på stipulert forbruk.

For alle nybygg og bruksenheter der rammeløyve er gitt frå og med 1. januar 2017 skal vassforbruket fastsetjast etter målt forbruk. For eksisterande bustader, naust og fritidsboliger kan den gebyrpliktige sjølv velje om forbruksdelen av gebyret skal avreknast etter stipulert eller målt forbruk.

For mellombelse tilknytningar kan kravet om vassmålar verte fråvikt, dersom vassforbruket kan verte fastsett på annan måte.

### § 3-8 Betaling etter stipulert forbruk

Eigedomar/bygg som ikke har montert vassmålar skal betale gebyr etter stipulert forbruk.

Stipulert forbruk vert fastsett ut frå bustadene sitt bruksareal (BRA) beregnet etter NS 3940. Det blir berekna ein faktor på 1,4 kubikkmeter/kvadratmeter BRA. Dersom BRA etter NS 3940 ikkje er kjent kan anna registrert arealdata nyttast til BRA førelegg.

Har eigdommen utvendig eller innvendig basseng på over 3 m<sup>3</sup>, skal vassmålar vere montert og gebyr verte betalt etter målt forbruk.

### § 3-9 Retting av feil gebyrretrekning

Har mangelfulle eller feile opplysningar ført til feil gebyrretrekning, skal utrekninga verte retta og differansen gjort opp. Forureiningsforskrifta § 16-6, § 26 i lov om eigedomsskatt for kommunane og forskrift av 18. desember 1987 nr 977 om rentegodtgjering når eigedomsskatt vert innbetalt for seint eller betalt attende vil gjelde tilsvarande for renteplikt ved for sein betaling eller tilbakebetaling av vass- og avløpsgebyr.

Rentegodtgjering vert fastsett i tråd med den til ei kvart tid gjeldande forseinkingsrenta som følgjer av forsinkelsesrenteloven av 17. desember 1976 nr. 100. Krav som er forelda etter reglene om forelding av fordringar, vert ikkje dekkja.

### § 3-10 Gebyrreduksjon i medhald av forbrukarkjøpslova sine regler om prisavslag

Kommunen kan gi reduksjon i gebyr (prisavslag) ved feil eller mangel ved vassforsyninga i medhald av forbrukarkjøpslova sine regler om prisavslag.

## § 4 VASSMÅLAR

### § 4-1 Installasjon

Kommunen bestemmer:

- kor mange vassmålalar den enkelte abonnent skal ha
- type, størrelse og plassering
- når målar skal installerast
- pålegg om skifte av vassmålar

Pålagt vassmålar for ny eigedom skal være installert seinast når det vert gitt bruksløyve, eller eigedomen vert teken i bruk, og for eksisterande eigedom når han vert tilknytta. Vert ikkje dette gjort, skal abonnenten betale stipulert årsgebyr etter § 3-8.

### § 4-2 Eigartilhøve

Den som har kosta vassmålaren er eigar av denne.

### § 4-3 Kostnader og eigartilhøve

Abbonenten kostar installasjon, drift og utskifting av vassmålar

Vassmålar som overfor kommunen skal nyttast som grunnlag for utrekning av årsgebyr, vert kosta av kommunen. Vassmålalar ut over dette vert kosta av abonnenten.

For vassmålalar som kommunen eig, vert vassmålareleige betalt i samsvar med satsar fastsett i gebyrregulativet.

**§ 4-4 Avlesing av vassmålar**

Abonnenten skal lese av vassmålar så nær fastsett tidspunkt for avrekning som mogleg og sende resultatet til kommunen innan 1. november i det enkelte år.

Dersom abonnenten ikkje føretek avlesing, kan kommunen etter purring, fastsetje årsgebyret skjønsmessig på grunnlag av tidlegare forbruk eller med grunnlag i stipulert forbruk i samsvar med § 3-8.

Kommunen kan også sjølv gjennomføra avlesing utan nærare varsel til abonnenten og kan krevje særskilt gebyr for dette.

Fjernavleste vassmålarar vert automatisk avlest av kommunen og treng ikkje lesast av frå abonnenten sin side.

**§ 4-5 Tilsyn og vedlikehald**

Abonnenten skal halde målar lett tilgjengeleg for avlesing og tilsyn.

Abonnenten skal føre tilsyn med målar. Blir ein målar skadd eller går tapt, skal abonnenten straks melde frå til kommunen. Som skade reknast også at plombering av målar er brote. Kommunen kan føre tilsyn med målar. Kontrollør frå kommunen skal legitimere seg.

**§ 4-6 Presisjonskontroll**

Eigenkontroll:

- Kommunen skal rettleie abonnentane om eigna metode for eigenkontroll av målar

Enkel kontroll:

- Både kommunen og abonnenten kan krevje ytterligere presisjonskontroll av målar. Kommunen avgjer om kontrollen skal gjerast av kommunen eller av ekstern kontrollinstans.
- Kontrollen skal utførast med måleutstyr og prosedyrar for måling som er akseptert av Justeresenet. Kontrollen skal gjelde hele det aktuelle måleområdet.

Utvida kontroll:

- Krev abonnenten ytterligere presisjonskontroll av målar, skal abonnenten bære kostnadene ved slik kontroll dersom kontrollresultatet ligg innanfor feilmarginen etter § 4-7. I motsatt fall dekker kommunen kostnadene.

Justering eller utskifting av målar:

- Dersom målepresisjonen ikkje er tilfredsstillande, skal målar justerast eller skiftast ut. Krav om endra måleområde for ny målar skal vurderast.

**§ 4-7 Avrekning ved feilmåling**

Dersom målar ved kontroll viser meir enn 5 % for høgt forbruk, har abonnenten krav på tilbakebetaling for feilmålinga. Er plombering av målar brote, har abonnenten ikkje krav på tilbakebetaling.

Tilbakebetalinga reknast frå det tidspunkt feilen har oppstått.

Krav som er forelda etter reglane om forelding av fordringar, vert ikkje dekkja.

Viser målar meir enn 5 % for lågt forbruk, har kommunen krav på tilleggsbetaling etter tilsvarende reglar.

**§ 4-8 Utskifting og flytting**

Er presisjonen i målinga for dårlig, bestemmer kommunen om målar skal justerast eller skiftast ut. Når vanlig levetid for ein målar er nådd, kan kommunen bestemme at målar skal skiftast.

Kommunen kan krevje flytting av målar som er plassert i strid med kommunen sine krav til plassering. Abonnenten kostar slik flytting.

**5. IVERKSETJING OG OPPHEVING MV.****§ 5-1 Iversetjing og oppheving av tidligare forskrift**

Forskrifta trer i kraft 1. oktober 2017

Frå same tid opphevast Forskrift om vass- og avløpsgebyr i Fjell kommune vedteke av kommunestyret i Fjell kommune den 13. desember 2012.